

Normalvedtekter for 4H-nemnder

Vedtekne av landsstyret i Norske 4H 9. juni 1995.

§1. Namn

Namnet på 4H-nemnda er..... 4H-nemnd.

Nemnda arbeider i kommune(ar).

§2. Formål og arbeidsoppgåver

4H-nemnda er eit fellesorgan for 4H-klubbane i kommunen(ane) og har som formål å samordne 4H-arbeidet 4H-klubbane imellom. 4H-nemnda arbeider i tråd med 4H Norge sine lover og vedtak fatta av bestemmande organ på lands- og fylkesplan.

Aktuelle arbeidsoppgåver for 4H-nemnda kan vere:

- Samordne arrangement 4H-klubbane imellom, slik som felles fagdagar, tevlingar, lokale leirar, 4H-dagar o.a.
- Samordne 4H-klubbane si deltaking med stand og aktivitetar på bygdedagar og andre eksterne arrangement. Informere om 4H-arbeidet og om opne 4H-tilbod
- Hjelp 4H-klubbane i arbeidet for å skaffe økonomisk stønad
- Hjelp 4H-klubbar som treng det til å rekruttere nye klubbbrådgjevarar
- Arbeide for å utvikle og spreie 4H-arbeidet t.d. ved å starte og følgje opp nye 4H-klubbar
- Samarbeide med 4H i fylket om å gje tilbod om organisasjonsopplæring for klubbstyre, klubbbrådgjevarar og oppgåvehjelparar. Hjelp med å førebu 4H-klubbane sine representantar til 4H-fylkesårsmøtet
- Medverke til å skaffe 4H-medlemmene hjelp og fagleg rådgjeving
- Søkje samarbeid med forvaltninga i kommunen(ane) innan landbruk, sjøbruk, miljø og kultur. Samordne 4H-klubbane sine interesser overfor kommunen(ane). Arbeide for at 4H vert representert i aktuelle fora knytta til barne- og ungdomsarbeid, landbruk, kultur, natur og miljø
- Søkje samarbeid med andre organisasjonar og samordne 4H-klubbane sin kontakt med desse.

§3. Årsmøte

Årsmøtet er 4H-nemnda sitt høgste organ. 4H-nemnda samlast til årsmøte innan utgangen av januar. Leiaren er ansvarleg for at skriftleg innkalling vert send til 4H-klubbane seinast 2 veker før årsmøtet skal haldast.

Samansetning:

2 representantar frå kvar 4H-klubb. Desse vert valde kvart år på årsmøtet i den einskilde 4H-klubb. (Helst ein frå klubbstyret og ein klubbbrådgjevar.)

4H-nemnda bør også ha ein representant frå landbruksforvaltninga i kommunen.

4H-klubben sine representantar og representanten frå landbruksforvaltninga i kommunen møter med røysterett.

(I tillegg kan 4H-nemnda knyte til seg representantar frå andre kommunale organ eller frå andre organisasjonar. Desse har tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett i årsmøtet.)

Er det 3 eller færre 4H-klubbar med i 4H-nemnda, utgjer 4H-klubbane sine representantar styret. Leiar vert vald mellom 4H-klubbane sine representantar.

Er det 4 eller fleire 4H-klubbar med i nemnda, vel årsmøtet eit styre på 3 (5) representantar.

Årsmøtet skal handsame:

- a) Konstituering av møtet med opprop, val av møteleiar og to representantar til å skrive under protokollen, godkjenning av innkalling og sakliste
- b) Melding frå styret om arbeidet i 4H-nemnda siste året
- c) Revidert rekneskap for 4H-nemnda for siste året
- d) Innkomne saker
- e) Forslag til arbeidsplan og budsjett for 4H-nemnda
- f) Val (for 4H-nemnd med 4 eller fleire 4H-klubbar) for eit år av:
 - Leiar
 - 2 (4) styremedlemmer
 - 2 varamedlemmer til styret
 - Valkomite på 3 medlemmer
 - Revisor.

(Dersom nemnda har eigen økonomi og ikkje sjølv har engasjert ein utanforståande revisor, skal det inngåast avtale om revisjon av rekneskapen med 4H i fylket.)

Det skal førast protokoll frå årsmøtet.

§4. Styret

Styret konstituerer seg sjølv på første møtet etter årsmøtet med kasserar, sekretær og eventuelle andre verv. Dersom det er mogleg, bør sekretariatsfunksjonen leggjast til landbruksforvaltninga i kommunen.

Styret leier arbeidet i 4H-nemnda mellom årsmøta i tråd med 4H-nemnda sitt formål (§2), og dei behov som 4H-klubbane i kommunen har. Ut frå lokale tilhøve arbeider 4H-nemnda og styret med dei oppgåvene som er viktigast for 4H-medlemmene og 4H-klubbane i arbeidsåret.

4H-fylkesstyret og 4H-klubbane i kommunen skal haldast løpande orientert om 4H-nemnda sitt arbeid.

Det skal førast protokoll frå styremøta i nemnda.

§5. Endring av vedtektene

4H-nemnda vedtek sine egne vedtekter etter mønster av 4H Norge sine normalvedtekter for 4H-nemnder. Endringar i vedtektene vert gjort av 4H-nemnda med 2/3 fleirtal på årsmøtet i 4H-nemnda. Vedtektene og eventuelle endringar av desse, må godkjennast av 4H-fylkesstyret for å vere gyldige.

§6. Oppløysing

4H-nemnda kan oppløysast av årsmøtet i 4H-nemnda med 3/4 fleirtal, eller av 4H-fylkesstyret. Ved oppløysing skal alt 4H-nemnda eig, fordelast på 4H-klubbane i 4H-nemnda i høve til medlemstalet i klubbane pr. 31/12 året før.

§7. Iverksetjing

Desse vedtektene er fastsette på årsmøte i 4H-nemnda den (dato),
godkjende av 4H-fylkesstyret den (dato)
og gjort gjeldande med verknad frå den (dato).